

Tiltaksstrategi for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 2017-2022 for Kvam Herad

KVAM HERAD	
Arkivsaknr.: 17/345	
Dato 24 APR. 2017	
Dok.nr.: 3	Saksh. DATA
Arkiv: 640,8	Ark.A:



Bilete: Fyksesund landskapsark, lånt frå heimesida www.fyksesund.no

1. Formål

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), kom inn som ein ny tilskotsordning i 2004. Dette avløyste fleire tidlegare miljøretta tilskotsordningar.

Kommunane har mynde til å løyva midlar for miljøretta tiltak i landbruket, dette blir utdjupa i §8 i *forskrifter om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* (FOR-2004-02-04-448)

" Vedtak om tildeling av tilskudd etter denne forskriften fattes av kommunen. Kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt"

Formålet er å fremja natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, redusera ureininga og miljøtiltak utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

I 2008 vart det laga ny tiltaksstrategi for åra 2008-2011, i 2012 vart det laga strategi for åra 2012 – 2015. Det er difor trong for ny strategi no.

Det nye rundskrivet 2017-13 frå Landbruksdirektoratet gjev nærare omtale av kva tiltaksgrupper det kan løyvast midlar til innan SMIL-ordninga:

- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt
- Biologisk mangfald
- Gamal kulturmark
- Tilgjenge og opplevingskvalitet
- Verneverdige bygningar
- Andre kulturminne/- miljø
- Ureiningar

Lokalt skal SMIL-ordninga vera i samsvar med kommunedelplanar, landbruksplan, skogs- og viltplan m.m.. I Kvam sin Kommunedelplan for næring- og kompetanse 2015-2023 står det:

«Sikra eit levedyktig småskala og storskala landbruk, oppretthalde eit levande kulturlandskap og stanse attgroing innan strategisk viktige område»

Kvam sin kommuneplan samfunnsdel for 2015 -2030:

«Føremålet i planen er at kommunen skal verta eit førebilete i arbeidet med å redusera klimagassutslepp, gjennom eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Tradisjonelt landbruk skal ha høg prioritering i område vist som LNF-I»

Strategien for kulturminneforvaltning (2002-2014):

«Synleggjera og informera om kulturlandskapet og kulturmiljø for å styrkja vår eiga historie og identitet»

2.1 Virkeområde

Tilskot blir tildelt til tiltak på landbrukseigedommar. Det er ikkje krav til arealstørrelse på landbrukseigedomen, men arealet må driftast eller kunna nyttast til jord- eller skogbruk.

2.2 Kven kan søka

Tilskot kan innvilgast til føretak som er registrert i einingsregisteret og som driv vanleg jordbruksproduksjon på ein eller fleire landbrukseigedom (arealkravet gjeld ikkje tilskot til bikubar), og krev at ein oppfyller vilkår i PT- forskrifta § 2 og § 3 eller § 4. Frå 01.01.2017 kan også eigarar som leiger bort landbrukseigedomen innvilgast tilskot dersom leigetakar driv ein produksjon på landbrukseigedomen og oppfyller krava til produksjonstilskot som nemnd. Ved søknad frå leigetakar må det skje med samtykke av eigar, og det bør vera skriftleg.

2.3 Krav til søknaden

Miljøkrav må oppfyllast. Søkjaren må ha ein gjødselplan og føra journal over bruk av plantevernmidlar. Det skal også vera kart over alt areal, eigd eller leigd, som føretaket til ein kvar tid disponerar. Dokumentasjonen må vera klar på søknadstidspunktet, og vera tilgjengeleg ved kontroll. Dette gjeld også for søkjar som paktar vekk arealet. Her må søkjaren be om gjeldande dokumentasjon av leigetakar.

2.4 Vilkår og gjennomføringsfrist

Godkjent sluttrekneskap skal føreliggja før innvilga tilskot vert utbetalt. Frist for gjennomføring av prosjekt/tiltak er 3 år, frå året det blir søkt og 2 år etter. Det er mogleg å søke om forlenging med inntil 2 år.

2.5 Geografisk prioritering

Søknader frå landskapet rundt Steinslandsfossen og landskapsparken i Fyksesundet vert prioritert. Om søkjarane søker RMP - midlar (regionale miljømidlar) i tillegg, kan prioriteringa forandrast.

3. Tematisk prioriteringar av ordningar/tiltak

Hovudlinjene i verkemiddelbruken vil vera slik som i siste strategiperiode, men det vil verta ein vridning i retning av satsing på:

- Forureiningstiltak
- Støtte til lokalt planleggingsarbeid, avdi dette gjev betre sjanse for å styra verkemiddelbruken
- Skjøtsel av område med spesielle biologiske kvalitetar (jfr. www.naturbase.no).
- Område som krev restaurering med SMIL -midlar for å kunna få støtte gjennom RMP og PT - midlane. Det vert gjeve høgare støtte til prosjekt som viser ein plan for korleis tiltaket vil koma innanfor reglane for RMP -midlane, enn for tiltak som ikkje viser til ein slik plan.
- Tilgjenge og opplevingskvalitetar i form av støtte til rydding av stiar og turvegar i jordbruksområde.

Stell av gamal kulturmark (slått, restaurering og inngjerding av beite og liknande) og bygningsvern vil framleis vera hovudsiktemålet med bruken av SMIL -midlane i Kvam. I slike samanhengar vil heilskaplege planar ha høgare prioritet enn søknad om støtte til tiltak i område der det ikkje føreligg planar som set tiltaket inn i ei naturleg ramme.

Av geografiske område med heilskaplege planar er det spesielt Fyksesund landskapspark som har gjort det grundigaste arbeidet. Liknande har det lege heilskapstankegang bak tiltaka som har vore gjort i Tørvikbygd stølsmark, av Røyrvik samdrift og på Nes ved Mundheim. Meir heilskaplege planar vil også gje betre samanheng mellom dei tiltaka som vert gjort, og nytten dei har for samfunnet samla sett.

3.1 Ivareta natur- og kulturminneverdiar

Føremålet er å fremja kunnskap, opplevingsverdiar og bruksverdiar gjennom skjøtsel, vedlikehald og istandsetting av jordbruket sitt kulturlandskap. Naturverdiar skal omfatta

artar og naturtypar som er knytt til, eller forma av jordbruket. Kulturminner, kulturmiljø og vidareføring av kulturarv frå kunnskap, tradisjonar og teknikkar. Moglegheita for opplevsar, friluftsliv og eit variert landskapsbilete.

3.2 Redusera forureining

Kvam herad ynskjer å redusera tap av næringsstoff, partiklar og andre forureinande utslepp til jord, vatn eller luft frå jordbruksareal. Forslag til tiltak kan være oppsamlingsplass for rundballar for å hindra avrenning, utbetring og supplering av hydroteknisk anlegg og særskilde bygningsmessige tiltak.

3.3 Tiltak utover vanlege jordbruksdrift

Tiltak skal bidra til at det blir gjennomført miljøtiltak utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Kvam herad vil prioritera tiltak som inneber ein ekstra innsats utover dette. Døme på dette kan være skjøtsel av gamal slåttemark.

4 Økonomisk Verkemiddel

I Kvam herad var det i 2017 registrert om lag 200 aktive gardsbruk i Kvam. Desse arbeidsplassane er viktige for å ta vare på tradisjonar og kulturlandskap. I løpet av dei siste åra har det vorte tildelt mellom kr. 600 000 - 700 000 i SMIL –tilskot.

Kvam herad har om lag 10 % av landbruket i Hordaland og ynskjer difor å ha ei ramme som tilsvarar omlag 10% av SMIL- midlane i Hordaland.

I perioden 2014-2017 har Kvam fått fyljande tildeling av tilskotsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland:

År	2014	2015	2016	2017
Sum løyving	750 000	580 000	550 000	650 000

5. Klagerett.

Klage på vedtak i kommunen skal skje innan 3 veker frå vedtaket vart kjend for søkjaren.

Klagen skal rettast til kommunen som vurderer klagen. Fylkesmannen er klageinstans.

6 Nærleggjande tilskotsordningar

Regionalt miljøprogram:

Regionalt miljøprogram skal bidra til miljøvenleg matproduksjon på best mogleg måta. Alle landbruksforetak kan søka om tilskot for å gjera miljøtiltak på eige gard.

Tabell: Ulike tiltak som kan gjev tildeling av RMP-midlar:

Beite i utmark	Skjøtsel av bratt areal
Regionalt prioriterte kulturlandskap/bygdenært (Landskapsparke)	Skjøtsel av kystlynghei
Veglause gardar	Skjøtsel av styvingstre
Skjøtsel av viktige kulturhistoriske område	Automatisk freda kulturminne vert ei tre delt ordning: 1) Skjøtsel av gravminne 2) Skjøtsel av gravfelt 3) Skjøtsel av andre automatiske freda kulturminne
Miljøavtale - for lokalitetar med elvemusling	Støling
Nedlegging av husdyrgjødsel	

Tilskot til tiltak i beiteområde:

Tilskotet skal leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda. Tilskot kan søkjast av lag eller foreiningar som driv med beitedrift og som skal investere i felles investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde.

Hordaland har fått tildelt ei ramme på kr 600.000 til dette formålet i 2017.

Tilskot til drenering av jordbruksjord:

Føremålet med tilskotsordninga er å betre kvaliteten på grøfta jordbruksjord for å auke jordbruksproduksjonen. Det er òg eit mål å redusere faren for erosjon og overflateavrenning til vassdrag. Kvam herad har fått tildelt kr. 105 000.- til dette i 2017.

Tilskot til klima- og miljøtiltak i jordbruket:

Tilskotet skal gjevast for utgreiingsprosjekt og informasjonstiltak på miljøområdet innanfor tema klimagassutslepp, vassmiljø, samt kulturlandskap, klimatilpassing, naturmangfald og relaterte utfordringar. Ny kunnskap i prosjekta skal raskt kunne nyttast i praktisk jordbruk.

7. Retningsgjevande tilskotssatsar for utrekning av SMIL-tilskot

Tabell: Retningsgjevande tilskotssatsar for utrekning av SMIL-midlar

Tiltaksområde	Prosentvis tilskotssats	Prioritering i prosentandel av SMIL-midlar	Døme på tiltak/ Prioritering
Planleggingstiltak	60	10	
Biologisk mangfald	50	0-10	
Resturering, inngjering og skjøtsel av gamal kulturmark	40	40	Ta i bruk gamal kulturmark. Krav om at arealet blir beita av husdyr.
Verneverdig bygningar og andre kulturminne	20-30	20-30	Her blir det i fyrste rekke prioritert bygningar på gardsbruk som er i drift.
Ureining	40	20-30	Oppsamlingsplass av silosaft for rundballar
Tilgjenge og opplevingskvalitet	50	0-10	

Tjosås, Jan

Fra: Helena Elvatun <helena.elvatun@nlr.no>
Sendt: mandag 24. april 2017 11.02
Til: Tjosås, Jan
Emne: Tiltaksstrategi SMIL-middlar
Vedlegg: Tiltaksstrategi for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 2016.docx

Hei!

Orsak det.

Mvh
Helena Elvatun
Rådgivar jordbruk, Norsk Landbruksrådgiving Vest SA

Mobil: +4798245836

vest.nlr.no



**Norsk
Landbruksrådgiving**